

Næringsretta partnarskapsavtalar 2021-2022

Vestland fylkeskommune lyser ut partnarskapsavtalar og midlar til regionale næringsretta utviklingsaktørar for 2021 og 2022 med moglegheit for eitt års forlenging.

Næringsretta partnarskapsavtalar og midlane som følger med er ikkje knytt til prosjekt, men støtte til den aktiviteten aktøren gjennomfører som del av sitt virke og som støttar opp om regionale planer og handlingsprogram. Det vert løyvd midlar til aktørar som vert vurdert som strategisk viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsutviklingsarbeidet i Vestland.

Aktuelle søkjarar er: Inkubatorar, næringshagar, klynger, men og andre aktørar som leverer tenester knytt til tilrettelegging av innovasjon og næringsutvikling i fylket. Sjå også vurderingskriteria og informasjon om kven som ikkje kan søke (under).

For å nå måla i dei regionale planane treng Vestland fylkeskommune partnarar i fylket som bidrar med dei verkemidla dei rår over, og kunnskap som supplerer og utfyller den kunnskapen som fylkeskommunen har. Mange utviklingsmiljø og organisasjonar i fylket har stor kompetanse, og unik nærleik til næringsaktørar og ulike geografiske område, og kan tilpasse innsatsen i ulike deler av fylket. Fylkeskommunen ønsker difor å inngå partnarskapsavtalar med aktørar som kan hjelpe oss å nå målsettingane for innovasjon og næringsutvikling. Med avtalane følger ansvar for oppgåver men også eit finansielt bidrag og nettverk med dei andre partnarskapsaktørane.

Søknadsfrist og behandling

- Søknadsfrist 19. juni 2020

- Vedtak desember 2020: Fylkestinget vedtar i budsjettet kva aktørar som skal få næringsretta partnerskapsmidlar for 2021-2022.
- Søknad skal registrerast elektronisk, lenke til søknadsskjema i menyen til høgre.

Maksimal tildeling er 1 million kr pr år, men tildelinga vil variere, dei fleste tildelingar vil ligge vesentleg lågare, så oversikt frå Handlingsprogrammet for over tildelinga i 2020 for døme. Vestland fylkeskommune fullfinansierer ikkje den einskilde aktøren.

Vurderingskriterier

Vi vurderer søknadene opp mot desse kriteria knytt til prioriterte aktørar:

1. Aktiviteten er knytt til regional tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i samsvar med handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020
2. Aktøren arbeider med å fremje innovasjon og næringsutvikling i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar.
3. I kva grad aktøren bidrar til å
 - i. nå mål innafor dei prioriterte innsatsområda i handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling 2020
 - ii.yter bidrag til å nå FNs berekraftsmål, særleg dei som er referert i handlingsprogrammet.
4. Aktøren samlar og styrkjer arbeidet i ein større del av fylket/ region, minst to kommunar.
5. Vi legg vekt på at søkjar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna omfatte organisering, metodebruk og korleis arbeidet er finansiert. Vestland fylkeskommune fullfinansierer ikkje den einskilde aktøren.
6. Aktørar arbeider med særlege utfordringar for næringslivet knytt til konsekvensar av koronapandemien.

Desse er ikkje søkegode til partnerskapsavtalane

- Prosjekt
 - Bedrifter, etablerarar og privatpersonar
 - Regionråda – ansvaret har avdeling for strategisk utvikling og digitalisering
 - Kommunane i Vestland – i påvente av sak om tildeling til kommunane og kommunale næringsfond
 - Bergen Vitensenter som er ei eigarskapsforplikting som skal innarbeidast på anna vis i budsjettet
 - Fjord Norge AS og destinasjonsselskapa der er ein i ferd med å forhandle fram ny avtale med Fjord Norge og ein må sikre god oppgåvedeling mellom landsdelsselskapet Fjord Norge AS og destinasjonsselskapa.
-

Søknadsskjema og søknadsfrist

Søknadsfrist er 19. juni 2020.

[Gå til søknadsskjema](#)

Handlingsprogram for Innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020

Oversikt partnarskaps- og samarbeidavtalar 2020

For spørsmål, kontakt avdeling for innovasjon og næringsutvikling for vidare rettleiing

Ingjerd Skogseid

Ring [91696016](tel:91696016)

[Send e-post](#)

Kristin Arnestad

Ring [90 61 68 43](tel:90616843)

[Send e-post](#)

Besøksadresser

Bergen: Sandslihaugen 30

Leikanger: Askedalen 2 og 4

Førde: Storehagen 1b

Opningstid

08.00 - 15.00

Postadresse

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

Abonnér på nyheitsvarsel

Ring [05557](#)

Send [e-post](#)

[Kontakt oss](#)

[Postliste](#)